

# Årsmelding 2005



Kåre Rommetveit,  
universitetsdirektør

## Byggjer for framtid

Den universitetspolitiske debatten i 2005 har vore prega av spørsmål knytte til kvalitetsreforma, nasjonalt så vel som lokalt.

[les meir](#)



Sigmund Grønmo,  
rektor

## Innhald

### UiB 2005

- [Meir kontakt med arbeidsliv og andre institusjonar](#)
- [Høg forskingsaktivitet](#)
- [Aktiv formidling](#)
- [Sender forskarrekruttar ut i verda](#)
- [Samarbeid over heile verda](#)
- [Forskningsgåver og kommersialisering](#)
- [Elektroniske lån aukar sterkt](#)
- [Første spadetak på nytt studentsenter](#)
- [Tal for 2005](#)

### Fakulteta

- [Det historisk-filosofiske fakultet](#)
- [Det juridiske fakultet](#)
- [Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet](#)
- [Det medisinske fakultet](#)
- [Det odontologiske fakultet](#)
- [Det psykologiske fakultet](#)
- [Det samfunnsvitenskapelige fakultet](#)
- [Bergen Museum](#)

# Årsmelding 2005



Kåre Rommetveit,  
universitetsdirektør

## Byggjer for framtida



Sigmund Grønmo,  
rektor

Den universitetspolitiske debatten i 2005 har vore prega av spørsmål knytte til kvalitetsreforma, nasjonalt så vel som lokalt. I kva grad har iverksetjinga ført til betre tilbod for studentane, og har reforma i nokon grad vore gjennomført på kostnad av forskinga ved universitetet? Universitetsleiinga er merksam på desse problemstillingane og arbeider for å styrke forskingsverksemda ved universitetet. Konkuransen om studentane aukar. Korleis vi skal klare å gjere utdanningsbyen Bergen enda betre og meir attraktiv, har vore eit viktig spørsmål for Universitetet i Bergen i 2005. Ulike grep er blitt gjort for å sikre at studiemiljøet skal være best mogleg for kvar enkelt student.

I mai blei grunnsteinen til det nye og tidsriktige studentsenteret lagt ned. I løpet av vårsemesteret 2007 vil senteret stå klart til å ta imot alle bergensstudentar. Her blir det mellom anna symjebasseng med stupetårn, auditorium, idrettshallar og restaurant med uteservering. UiB-styret løyvde i 2005 15 millionar til utvidinga av Det akademiske kvarter, det største studentkulturhuset i byen. Tilbygget vil auke kapasiteten på arrangement betrakteleg, og vil kunne stå ferdig til våren 2008. Samstundes byggjer vi om tre etasjar i Nygårdsgaten 1B til ulike studentføremål, med innflytting hausten 2006.

Vi trur også at stiftinga av Bergen Vitensenter AS, med UiB som medeigar, vil få betydning for den framtidige rekryteringa av studenter til universitetet. Alle desse byggeprosjekta har som føremål å gjere det sosiale og faglege miljøet best mogleg, og å trekke dei beste studentane til Bergen – til eit vidt spekter av utdanningstilbod basert på forsking og høg fagleg kompetanse.

## Meir kontakt med arbeidsliv og andre institusjonar



I 2005 har UiB gått inn i eit samarbeidsprosjekt med ei rekke utdanningsinstitusjonar i regionen, med sikte på å styrke teknologisk utdanning. Det er også arrangert fleire temamøte med representantar for næringslivet. På heimebane har nye studieprogram kome til, studieresultata er betre, og det er blitt rydda opp i administrative rutinar.

### Nye studieprogram

Det er utvikla to nye treårige bachelorprogram, i kognitiv vitskap og i latinamerikastudium. I tillegg er det utvikla eitt nytt toårig masterprogram i anvend og utrekningsorientert matematikk med åtte studierettingar. Det er dessutan oppretta ei studierethning i manuell terapi under masterprogrammet i helsefag. Programma har opptak første gong hausten 2006. I tillegg er eit årsstudium og eit masterstudium i musikkterapi overtekne frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, med oppstart frå og med hausten 2006.

### Opptak/mottak

UiB sin handlingsplan for studentrekrytting blei følgt opp i 2005. UiB var til stades på ni utdanningsmesser og vitja om lag 115 vidaregåande skular og folkehøgskular i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Totalt var det 8321 søkerar som hadde Universitetet i Bergen som sitt førsteval ved hovudopptaket av norske studentar til lågare grad hausten 2005. Dette er ein auke frå 7553 på same tid i 2004. Også talet på utanlandske søkerar auka kraftig. Særleg stor var auken av søkerar gjennom Erasmusprogrammet, kvoteordninga og av sjølvfinansierande masterstudentar. Mobiliteten gjennom utvekslingsavtalar og program auka merkbart frå 2004 til 2005, både for innreisande og utreisande studentar.

Våren 2005 blei det tatt opp 1705 studentar ved UiB, av desse 480 med utanlandsk statsborgarskap. Hausten 2005 blei det tatt opp 6327 studentar, 872 med utanlandsk statsborgarskap. Alle dei norske studentane som ynskte det, blei tatt opp på seminarmodellen til Examen philosophicum, og fordele på seminargrupper. Totalt blei 2062 studentar påmelde til seminarmodellen.

Det blei gjennomført introduksjonsveke for dei internasjonale studentane både vår og haust. Norske og internasjonale nye studentar fekk eit samla mottak i Grieghallen og på fakulteta hausten 2005. Mottaket la vekt på informasjon og sosial integrering, mellom anna gjennom ei tilrettelagt mottaksveke og tilbod om deltaking i faddergrupper. 73 prosent av dei nye norske og 54 prosent av dei nye utanlandske studentane deltok på fadderarrangement.

## **IKT-støtte**

Utdanningsavdelinga er ansvarleg for UiB sitt intranett for studentar, "Mi side", med timeplan, pensumslister, studieplanar, førelesingsplanar, anna undervisingsmateriell og meldingar som gjeld dei emna studentane er melde til. Tenesta hadde i gjennomsnitt om lag 9000 daglege brukarar i 2005, som er ei tydeleg auke frå 2004. Hausten 2005 starta Utdanningsavdelinga eit prosjekt for å utvide intranettet for studentar til å omfatte fleire funksjonar knytte til pedagogisk læringsstøtte. Prosjektet skal vere avslutta i 2007.

## **Eksamenstal**

Talet på eksamensmeldingar auka frå om lag 68 000 i 2005 til 71 921 i 2005. Ein større del av dei som melde seg, møtte til eksamen, og strykprosenten gjekk ned frå 7,8% i 2004 til 6,9% i 2005. Summen av avgangde studiepoeng gjekk opp frå 10 401 i 2004 til 10 616 i 2005. Dette gir ei auke i talet på studiepoeng per student per år frå 38,1 i 2004 til 41,0 i 2005.

## **Standardisering av studieadministrative rutinar**

Fleire endringar i tenester, rutinar og ansvarsdeling knytt til studentutveksling blei gjennomført i 2005, mellom anna blei ein ny plan for organisering og sørvisnivå for innreisande studentar implementert våren 2005. Utdanningsavdelinga tok i tillegg over søknadshandsaminga for utreisande Erasmusstudentar frå fakulteta.

I samarbeid med fakulteta har avdelinga gått igjennom alle rutinar for avvikling av skriftlege skuleeksamenar. Det er i tillegg utarbeidd eit sett med rutineskildringar for denne eksamsforma. Ein liknande prosess er sett i gang for standardisering og kvalitetssikring av det lokale opptaksarbeidet ved UiB. Målet for dette arbeidet er å betre informasjon til søkerar om ulike studiealternativ, om søknadsprosessen og om dei rettar og plikter dei ulike opptaka fører med seg.

Avdelinga har og starta ei kartlegging av dei ulike rettleiingstenestene som blir tilbydd til studentane ved UiB. Arbeidet vil munne ut i ei skildring av tenestene og danne grunnlag for utviklinga av avdelinga sitt førstelinjetilbod til studentane.

## **Samarbeid om teknologiutdanning og innovasjon**

Våren 2005 blei det etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (UiB), Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskolen i Sogn og Fjordane (HSF), Sjøkrigsskolen, Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) og Høgskolen i Ålesund (HiÅ). Målet for prosjektet er å medverke til å styrke regionen med høgt kvalifisert arbeidskraft innan teknologiske fag, tilby kompetanse på Vestlandet som ein samla ressurs, og saman med politikarar og næringslivet medverke til meir regional foredling av naturressursane i regionen. Utdanningsavdelinga har leia eit underprosjekt som skal rekruttere fleire studentar til dei teknologiske utdanningane ved samarbeidsinstitusjonane.

Utdanningsavdelinga har leia eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (UiB), Høgskolen i Bergen (HiB) og Norges Handelshøyskole (NHH) for å kartleggja institusjonane sine utdanningstilbod innan innovasjon og entreprenørskap, og å gjere framlegg om korleis tilboda kan nyttast for å få til ei felles satsing på utdanning på dette feltet. Arbeidet vil bli fylgt opp med konkrete tiltak i 2006.

## **Studentbarometeret**

Spørjeundersøkinga "Studentbarometeret" blei gjennomført for tredje gong i 2005. Målet med undersøkinga er å identifisere område i studiekvarden som er viktige for studentane og som har rom for forbetring frå UiB si side. Resultata blir lagde til grunn for tiltak som kan auke kvaliteten på UiB sine studentretta tenester.

## **Utdanningsmelding**

Systemet for kvalitetssikring slår fast at det skal skrivast ei utdanningsmelding for kvart studieår. Meldinga skal gi ei samla og overordna vurdering av studiekvaliteten ved institusjonen og eit oversyn over opplegg og tiltak i studiekvalitsarbeidet. Utdanningsmeldinga blei lagt fram for styret i oktober 2005. Som oppfølging ynskte styret at det blei arbeidd vidare med tiltak for å betre gjennomføringa på høgare grads nivå, med det fysiske læringsmiljøet, med vurdering og utvikling av metodane for studentevaluering av undervising og med å vurdere balansen mellom dei ulike delane av førstesemesterstudiet.

### **Nye utvekslingsavtalar**

UiB inngjekk i 2005 ei rekke nye utvekslingsavtalar, særleg fagspesifikke avtalar innan Erasmusprogrammet. Kvoteordninga krev no at studentane i regelen skal rekrutterast gjennom avtalar, noko som har medført ei rekke nye intensjonsavtalar med relevante samarbeidsinstitusjonar i utviklingsland. Utdanningsavdelinga deltok i 2005 på delegasjonsreiser til mellom anna Japan og Canada, med føremål å styrke institusjonelt samarbeid og legge betre til rette for studentmobilitet.

### **Kontakten med arbeidslivet**

For å skape dialog med arbeidslivet om studietilbodet ved UiB, har det blitt arrangert fire temasamlingar om kompetansebehovet i arbeidslivet innanfor bransjane handel, IKT, maritimt og reiseliv i Vestlandsregionen. Til stades på samlingane var representantar frå fagmiljøa, studentar og representantar frå næringane. Samlingane blei arrangerte i samarbeid med Karrieresenteret og Bergen Næringsråd.

### **LIST**

På slutten av 2005 vart LIST - LedelsesInformasjon og Statistikk - innført ved Universitetet i Bergen. LIST er eit delsystem av Felles studentsystem (FS). Hovudmålet med LIST er å gi leiarar og andre brukarar ein reiskap for styring og rapportering av studieverksemda ved institusjonen. Systemet skal vere enkelt og fleksibelt i bruk, men samstundes kraftig, og det skal kunne handtere store datasett og mange dimensjonar, og til dømes syne tverrsnitt og lange utviklingstrekk både for institusjonen samla og for einskilde fakultet, institutt og studieprogram.

### **Seminar- og konferanseverksemde**

Representantar frå Utdanningsavdelinga har delteke i fleire regionale, nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper anten som leiarar, sekretærar eller medlemmer. Avdelinga har i tillegg arrangert fleire temaseminar med interne og eksterne bidragsytarar om internasjonalisering, studenttrivsel, godkjenning av høgre utdanning, fellesgrader og studenttal. Avdelinga hadde dessutan hovudansvaret for ein nasjonal tredagars konferanse om Nasjonalt rammeverk for kvalifikasjoner og læringsutbytte, som blei arrangert i regi av Universitets- og høgskulerådet i mars 2005.

# Høg forskingsaktivitet

UiB har hatt høg forskingsaktivitet innanfor kjerneområda i 2005. I tillegg er nye faglege satsingar identifisert, og vil bli følgt opp i år som kjem.

## Marin forsking

Verdas nordlegaste undersjøiske varmekjelde blei oppdaga på 600 meters djup under eit forskingstokt i 2005. Rolf B. Pedersen leia det internasjonale toktet som utforska den arktiske delen av den midtatlantiske ryggen i samarbeid med UiB-kollegaene Ingunn Thorseth og Lise Øvreås. Ved hjelp av moderne ekkolodd og den fjernstyrte miniubåten "Bathysaurus" påviste forskargruppa to store hydrotermale felt på havbotnen nord for Jan Mayen.

I midten av mai vart det avgjort kva for prosjekt som fekk støtte i den så langt siste tildelingsrunden frå Petromaks, eitt av Forskningsrådet sine "store program". Frå 2005 er den offentleg finansierte petroleumsforskinga hovudsakleg finansiert gjennom dette programmet. Fem prosjekt på lista er heilt eller delvis knytt til UiB.

Eitt av prosjekta som har fått støtte, er eit samarbeid mellom Institutt for fysikk og teknologi, Christian Michelsen Research (CMR) og Norsk Hydro. Prosjektet skal utvikle betre teknologi for nedihulls fleirfasemålingar og prosessering. I tillegg har Petromaks-programmet løyvd pengar til to prosjekt ved CIPR, eitt prosjekt ved Institutt for geovitskap og eitt ved Kjemisk institutt.

## Utviklingsforskning

Den utviklingsrelaterte forskinga er solid forankra i dei ulike disiplinar og fag og i UiB sine faglege prioriteringar. I 2005 la ein vekt på at fakulteta og institutta må arbeide målretta for tverrfaglige samarbeidsprosjekt innan forsking og forskarutdanning.

Noregs rolle i arbeidet for ein fredsavtale mellom Nord- og Sør-Sudan gjorde igjen Sudan til eit aktuelt samarbeidsland for ei rekke fakultet og fagmiljø. Utanriksdepartementet og UiB drøfta i 2005 eit framtidig samarbeid med Sudan innan forsking og høgre utdanning. Det faglege samarbeidet spenner over mange fagfelt. Helsefaga er involvert i planar for bygging av sjukehus i sør og har forbindelsar til institusjonane nemnt ovanfor. Innan samfunnsvitskap blir det planlagt eit trekantsamarbeid mellom Khartoum, Addis Abeba og Makerere (Uganda). Målet er å etablere ein mastergrad i antropologi og eit regionalt PhD-program. Innan naturvitenskapane er det utvikla forslag og idear som kan bli knytt til tverrfaglege prosjekt, mellom anna "Wild-life and range management in southern Sudan". Innan humaniora er det etablert kontaktar med University of Khartoum og University of Juba. Samarbeidsprosjekt er også under planlegging i faga arkeologi og historie.

I 2005 fekk UiB tildelingar til følgjande prosjekt innan Global helse (prosjektleiar og tildeling i parentes):

- Strengthening human resources for health. A study of health worker availability and performance in Tanzania,  
Senter for internasjonal helse, Universitetet i Bergen.  
Astrid Blystad, 9 mill
- Development of a subunit vaccine for prevention of reactivation of tuberculosis, Gades institutt, Universitetet i Bergen.  
Harald Wiker, 3 mill
- Focus on Nutrition and Child Health: Intervention Studies in Low-income Countries,  
Senter for internasjonal helse, Universitetet i Bergen.  
Torkild Tylleskær, 9 mill
- Searching for effective HIV-prevention and care in sub-Saharan Africa: focusing on local contexts,  
Senter for internasjonal helse, Universitetet i Bergen.  
Knut Fylkesnes, 9 mill

Senter for internasjonal helse er også svært aktiv innan EU sine forskingsprogram. I 2005 fekk senteret tildelt to nye kontraktar med EUs sjette rammeprogram innan malariaforskning og helseforsking mot Afrika.

UiB fekk i 2005 støtte til tre STORFORSK-prosjekt, der store, frie grunnforskningsprosjekt med "høg risiko og vitskapleg dristighet" får finansiering frå Forskningsrådet. Felles for dei tre UiB-prosjekta som har fått støtte, er at dei har eit sterkt internasjonalt tilsnitt. Professor Leif Manger har fått støtte til å leie prosjektet "Global Moments in the Levant. Towards an Understanding of a Contact Zone Between Peoples, Cultures and States". Ved Institutt for geovitskap har professor John-Inge Svendsen fått støtte til å forske vidare på istidsutviklinga i det nordlege Eurasia. Ved Senter for utviklingsstudiar står Kirsten Alsaker Kjerland og Anne Katrine Bang bak prosjektet "In the wake of colonialism. Norwegian commercial interests in colonial Africa and Oceania". Forskarar frå Sverige, Danmark og Sør-Afrika er òg med på prosjektet, som skal munne ut i fleire monografiar, samt utstillingar, undervisingsopplegg og film.

### Nye SFF- og SFI-søknader

I 2005 sendte UiB i alt 19 søknader til Forskningsrådet sin prekvalifiseringsrunde for nye SFF. Søknadene femna vidt innan naturvitenskap og teknologi, medisin, humaniora og samfunnsvitenskap. Frist for full søknad blir våren 2006 for inviterte søknader. Universitetet i Bergen har som mål at minst 30% av desse går vidare til full søknad. I tillegg deltok UiB som sentral aktør på tre andre søknader.

Universitetet i Bergen sendte tre søknader til Forskningsrådet om status som Senter for forskningsbasert innovasjon innan sjømat og helse; meteorologi og trådlaus kommunikasjon. UiB deltok også som nøkkelinstitusjon på CMR sin søknad innan målevitskap.

### Strategiske prioriteringar

Universitetet i Bergen tek ifølge sin Strategisk plan for 2005-2010 mål av seg til å bli eit internasjonalt forskningsuniversitet på høgt nivå. Eit viktig virkemiddel for å nå denne målsettinga er langsiktig satsing på profilerte forskingsmiljø. I strategiprosessen kom ei rekke initiativ til nye satsingsområde for UiB fram, mellom anna:

- Nanovitskap
- Translasjonell medisin
- Region og regionalisering
- Demokrati og rettsstat
- Dei store folkesjukdommane

Alle desse områda blir følgt opp gjennom tverrfakultære utval/styringsgrupper.

Innanfor nanovitskap og translasjonell medinsk forsking har Forskningsavdelinga lyst ut midlar i 2005 med budsjettmessig verknad for 2006. Også innanfor dei andre områda har avdelinga sett av midlar til initiering av nye prosjekt i 2006. I tillegg er dei nye forskingssatsingane merkbart styrka gjennom nye stipendiatstillingar og gjennom universitetet sine avsetningar til vitskapleg utstyr.

### Frida

UiB nytter forskingsdokumentasjonssystemet Frida til å registrere og synleggjere resultat frå forskinga. Frida gir moglegheit for ein brei dokumentasjon av resultat frå forsking. For å betre kvaliteten på data ytterlegare har departementet frå 2004 gått til innkjøp av data/postar frå ISI og NordArt. Formålet er at desse allereie er kvalitetssikra, slik at forskarane kan validere postane og slepp å registrere dei sjølve. Det blir også arbeidd med å legge til rette for å importere bøker og kapittel i slike frå BIBSYS.

# Aktiv formidling

Formidling er eit klart mål for Universitetet i Bergen. Formidling handlar om å forvalte kunnskapsverdiane i samfunnet best mogleg, slik at vi når ut til og er i dialog og interaksjon med ulike målgrupper både i fagmiljøa, blant brukarane og hjå ålmenta. Fortmidlingsområdet har ein eigen strategi som er forankra i universitetets heilskapelege strategi.

## Formidling i mange kanalar

I løpet av året har Formidlingsavdelinga lansert ei ny løysing for web-TV for Forskning.no og laga fleire innslag til denne, blant anna i samband med Holbergprisen.

Avdelinga har hatt ein større samproduksjon med NRK (Vendepunkt), som vart produsert i 2005. TV-eininga har også inngått avtale med TV2 og internasjonale TV-stasjoner om eit program fokusert på klima og vær. Fordi TV-gruppa ved Formidlingsavdelinga er inntektsbasert har eininga også produsert oppdragsfilm for UD og BiR i året som gikk.

Versjon 1.1. av UiB sitt intranett er lansert og teke i bruk, med intern nyhetspresentasjon som sentralt element. Intranettet vil vere i stadig utvikling. I tillegg har UiBs nye eksternweb vore under planlegging, og prosjektleiar vart tilsett i 2005.

Avdelinga har lagd ut daglege internnyhetar i UiB si nettavis På Høyden, produsert eksternnyhetar på nettsidene og på Forskning.no. Eksternmagasinet Hubro kom ut med fire nummer. I magasinet Features er vitskapelege høgdepunkt og viktige UiB-fakta presentert på engelsk for ei brei utanlandsk målgruppe. Årsmeldinga for UiB er gjort tilgjengelig på nett, i tillegg til at det er gjeve ut ei trykksak i kortform. Avdelinga har sytt for ein brei distribusjon av doktorgradspressemeldingar for alle kandidatar som disputerer ved UiB.

## Populære kurs

Formidlingsavdelinga har opparbeidd og held ved like eit omfattande nettverk blant journalistar i lokale, regionale og nasjonale media, og legg til rette for møte og kunnskapsutveksling mellom forskarane ved UiB og desse redaksjonane.

Et digitalt fotoarkiv, der både foto- og designeininga har vore involvert, er blitt oppretta og teke i bruk. Det er også avlevert et større historisk bildemateriale for UiB frå Formidlingsavdelinga til Universitetsbiblioteket.

Formidlingskursa som avdelinga har tilbydd i løpet av året har vore svært populære både blant yngre og meir etablerte faglig tilsette. Tema på kursa har blant anna vore mediekontakt og kronikkskriving. Det er utarbeidd ein mal for handlingsplan for formidling som einingane ved UiB kan bruke.

## Rammeavtale for trykkeritenester

Formidlingsavdelinga har også bidrige til Forskningsdagane i Bergen. Holbergprisen er knytt til avdelinga med fleire aktivitetar, blant anna eit skuleprosjekt og Nils Klim-prisen, i tillegg til sjølv Holbergprisen.

Vår designeining har vore involvert i om lag 100 små og store oppdrag fordelt på trykksaker, bøker, nettdesign, profilannonser og TV-grafikk, i tillegg til generell rådgjeving knytt til UiB sin visuelle profil. Utforming av Hubro, Features, alt grafisk materiell til bruk i samband med studentrekruttering og studentmottak og for Holbergprisen er konkrete døme på dette.

Saman med Utdanningsavdelinga og Kontor for innkjøp har avdelinga vore med på å etablere ein ny rammeavtale for trykkeritenester.



## Sender forskarrekруттар ut i verda

Eit nystarta prosjekt skal legge til rette for større mobilitet i forskarutdanninga. Samstundes blir det oppretta stadig fleire forskarskular ved UiB.

### Forskarutdanning

Forskarutdanning er eit satsingsområde for UiB. I 2005 forsvarte 157 nye kandidatar doktorgraden sin ved Universitetet i Bergen. Det er om lag på same nivå som i fjor. UiB vil sette i gang tiltak for å auke talet på doktorgradar og styrke kvaliteten i PhD-programmet. Gjennom eit nystarta prosjekt for internasjonalisering i forskarutdanninga (IPOD), vil UiB satse på å legge til rette for og styrke nasjonal og internasjonal mobilitet for forskarrekруттар.

### Ny forskarskule i klinisk medisin

Torsdag 15. desember 2005 opna forskarskulen i klinisk medisin ved Universitetet i Bergen (UiB). Den nye skulen er unik i nordisk samanheng. Det er Institutt for indremedisin, Institutt for klinisk medisin og Institutt for kirurgiske fag ved UiB som no går saman om å gje forskaropplæring til legar og andre høgskuleutdanna i klinisk medisin. Desse tre institutta har til saman det største pasientgrunnlaget for klinisk forsking i Noreg og samlar nærmere 100 forskrarar og 150 PhD-kandidatar. Forskinga ved institutta spenner frå basal molekylær og genetisk forsking til forsking på diagnostikk, behandling og førebyggande tiltak. Dei tre institutta rår over eit stort ressursgrunnlag blant anna frå UiB, Helseregion Vest og Noregs forskingsråd.

### Nordic Marine Academy

Forskarskulen Nordic Marine Academy vart etablert på hausten 2005, og er eit nordisk forskingsnettverk finansiert av NordForsk og Nordisk arbeidsgruppe for fiskeriforskning. Akademiet blir leia frå UiB og skal dekke alle delar av marin forsking, med særskilt vekt på utnytting og forvalting av marine ressursar, og verknaden av menneskelege aktivitetar på marine økosystem.

Frå før er det etablert forskarskular i internasjonal helse, integrert nevrovitenskap, intelligente detektorar (fysikk), språkvitskap og filologi og marinbiologi. Fleire er under planlegging.

## Samarbeid over heile verda



Nokre av dei fremste forskingsmiljøa ved UiB vart i året som gjekk involverte i nordiske sentra for framifrå forsking, der eitt blir leia frå UiB. I tillegg er UiB sterkt engasjert i europeiske og globale forskingsnettverk og forskingssamarbeid. Fleire EU-finansierte prosjekt blir koordinerte herifrå.

### Nordiske SFF

Mellomaldersenteret ved UiB (CMS), som er eitt av UiBs tre sentra for framifrå forsking, fekk i 2005 status som Nordisk Centre of Excellence. Av 49 søkjrarar var det berre fire som kom gjennom nålauget og blei nordiske SFF innan samfunnsfag og humaniora. CMS skal samarbeide med miljø i Helsinki, Odense og Göteborg. Saman skal dei utforske europeiseringa av Norden som heilskap, noko som medfører eit nytt perspektiv på statsdanning og politisk kultur, språk- og religionsutvikling. Prosjektet vil få mellom 300.000 og 500.000 euro kvart år i fem år.

I tillegg vart Psykologisk fakultet ved Kenneth Hugdahl deltakar i eit slikt Nordisk CoE, som skal forske på kognitiv kontroll. Dette blir leia av professor Lars Nyberg ved Umeå universitet. Eit norsk team frå UiB og NHH skal dessutan delta i eit CoE som arbeider med arbeidslivsøkonomi, under leiing av professor Per-Anders Edin ved Uppsala universitet.

### EU-forskning

Innan utgangen av 2005 har UiB delteke i 172 registrerte innsende prosjektsøknadar til det 6. rammeprogrammet for forsking i EU (FP6), av desse ca. 50 søknadar i 2005. Totalt er det no gjeve tilsegn om kontrakt i 40 prosjekt. Samla løyving til UiB utgjer om lag 12 millionar euro.

Av prosjektmassen i FP6 blir 13 prosjekt koordinerte ved UiB, 4 av desse er store Integrerte Prosjekt: Eit prosjekt med støtte fra EU på 6 millionar euro innanfor kreftforskning; eit klimaprosjekt ved Berknessenteret med ein finansieringsramme på 14.5 millionar euro; samt to nye prosjekt i samfunnsvitskap. Eitt av desse blir koordinert frå Rokkansenteret og handlar om kvinneforskning og kvinner borgarskap. Det andre rettar seg mot europeisk borgarskap og integrasjon og blir koordinert av Sosiologisk institutt/Senter for utviklingsstudium. I alt koordinerer UiB prosjekt med ei samla finansieringsramme på om lag 280 millionar kroner, der bergensdelen utgjer 64 millionar kroner.

I tillegg deltek UiB i ERA-MORE, eit samarbeidsprosjekt mellom Noreg og EU-kommisjonen. Fleire enkelttiltak, mellom anna ei handbok for innreisande og utreisande forskarar, er under utarbeiding. Gjennom ERA-MORE og aktiv bruk av mobilitetsportalen, tek UiB sikte på å styrke omfanget og kvaliteten i forskinga, med særleg vekt på auka mobilitet blant forskarar.

### **DESCARTES-pris til Nansensenteret**

Nansen Senter for Miljø og Fjernmåling opna i desember nye, moderne kontorlokale på 300 m<sup>2</sup> for stiftinga Nansen International Environmental and Remote Sensing Centre (NIERRSC) i St. Petersburg, der UiB/UNIFOB er ein av stiftarane. UiB gav dessutan i 2005 ut 10 "Nansen Grants" til lovande russiske doktorgradskandidatar innan naturvitenskapane ved St. Petersburg State University – til saman har 90 kandidatar fått dette stipendet. Saman med stiftinga i St. Petersburg og Max-Planck-instituttet for Meteorologi i Hamburg blei Nansensenteret tildelt den prestisjetunge EUs "DESCARTES" pris for vitenskapleg samarbeid for 2005, for prosjektet "Climate and Environmental Change in the Arctic-CECA". Prosjektleiar for CECA er professor Ola M. Johannessen.

### **Nettverk og bilaterale avtalar**

UiB deltek i Coimbra-gruppa og WUN-nettverket (Worldwide University Network). I Coimbra-gruppa har det særskilt vore arbeidd med koordinering av forskarutdanninga, og i WUN-nettverket er det prosjekt i GRID-teknologi (store datamengder som forskingsinfrastruktur), innanfor forsking i Arktis, og forsking på mellomalderen.

UiB har 20 prosjekt i NUFU med ei finansieringsramme på om lag 20 millionar kroner i 2005, med partnerar i 17 land i Afrika og Asia. Prosedyrane for ny søknadsrunde 2007-2011 starta i oktober 2005. Avtalen med UD om Nile Basin Research Program vart underteikna i desember 2005, med 44 millionar NOK over fire år.

UiB deltek i Tibetnettverket for samarbeid mellom norske universitet og åtte forskingsinstitusjonar og Universitetet i Lhasa i Tibet. I 2005 blei denne avtalen fornya ved ein rektordelegasjon frå Noreg til Lhasa. Ved UiB deltek særskilt naturvitenskaplege fagmiljø i samarbeidet, med prosjekt i geofysikk, meteorologi, fysikk, matematikk, informatikk og biologi, og med partnerar i Tibet. I 2005 var det to PhD-studentar og 11 mastergradsstudenter frå Tibet ved UiB/UNIS.

Universitetet i Bergen fekk tildelt rammeløyving på i alt 1,8 millionar NOK til bilateralt samarbeid med USA, Canada, Frankrike, Tyskland, Kina og Japan i 2004-2005 for å initiere nytt forskingssamarbeid. Dette har resultert i gjesteopphold for 45 forskrarar til og frå desse samarbeidslanda med arrangement og deltaking i alt 43 workshops. Hovudtyngda av samarbeidet rettar seg mot naturvitenskap og medisin, og fleire av opphalda har allereie i 2005 resultert i konkret forskingssamarbeid med blant anna søker til Forskningsrådet.

## Forskingsgåver og kommersialisering

Også i 2005 har UiB motteke gåver som opnar for store forskingssatsingar. I tillegg finst det eit stort potensial for kommersiell utnytting av forskingsresultat.

### Store gåver



Etter at Frank Mohn AS og Trond Mohn donerte midlar til oppretting av Bergen forskningsstiftelse og Bergen medisinske forskningsstiftelse i 2004, vart det i 2005 oppnemnd styre for begge stiftingane. Desse har lyst ut midlar til rekruttering av forskingsleiarar og til internasjonalt forskingssamarbeid. Dei første utdelingane til forskingsføremål frå stiftingane vil skje i 2006.

(Les meir på  
[http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis\\_nyhet&id=290805193521](http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis_nyhet&id=290805193521))

Trond Mohn donerte også i 2005 store pengesummar til forskinga i Bergen, mellom anna 50 millionar kroner som dobla kapitalen i Bergen medisinske forskningsstiftelse.

Med desse store donasjonane og gaveforsterkinga som regjeringa dermed vil løyve, er det lagt grunnlag for ei rekke store forskingssatsingar ved Universitetet i Bergen og Haukeland universitetssjukehus i åra som kjem.

### Teknologioverføring

Bergen Teknologioverføring AS (BTO) blei stifta i desember 2004, utleia av eit samarbeid mellom UiB TTO, Helse Bergen og Havforskingsinstituttet. BTO har i sitt første driftsår vore prega av opplæring, organisering og å finne sin rolle innanfor Bergensmodellen.

I 2005 etablerte BTO tre selskap: NoWires Group AS, Fluens Synthesis AS og iSentio AS. BTO har hatt fokus på kulturyggande tiltak som konferansar, og uformelle møteføra for forskarar på tvers av institusjonane hos selskapet sine eigalar og samarbeidspartnerar. Under ICB-konferansen 2005 delte BTO ut ein pris på 250 000 kroner for beste kommersialiserbare forskingsresultat innan biovitskap. Vinner av ICB-prisen 2005 blei tre professorar ved Haukeland Sjukehus for forskingsresultat innan unipolar depresjon.

(Les meir på [http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis\\_nyhet&id=250505094126](http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis_nyhet&id=250505094126))

Det viktigaste for 2005 er at BTO ved målbevisst og oppsökande idéfangst har vist at det finst ein større base av potensielle kommersialiserbare forskingsresultat enn ein har trudd. BTO har vurdert i overkant av 100 idear. Hadde selskapet hatt større kapasitet, ville ein ha fått tilgang til mange fleire.

# Universitetsbiblioteket i Bergen

## Elektroniske lån aukar sterkt

Universitetsbiblioteket i tal				
	2004	2005	Endring 2004- 2005	Endring i prosent
Lån av fysiske dokument	365 570	340 200	-25 370	-6,9
Nedlastingar av elektroniske fulltekstdokument ("elektroniske lån")	345 200	675 000	329 800	95,5
Sum fysiske lån + nedlastingar, viser samla bruk av UB sine samlingar/fulltekstressursar	710 770	1 015 200	304 430	42,8
Publikumsbesøk	575 830	661 520	85 690	14,9
Utførte årsverk*	106,3	101,0	-5,3	-5,0
Reknskap (i 1 000 kr.)**	74 866,4	95 568,0	20 701,6	27,7
Ordinær tilvekst trykte bøker og tidsskrift (i band)	26 910	24 500	-2 410	-9,0
Tilvekst elektroniske bøker mv. (i band)	880	24 006	23 126	2 628,0
Løpende tidsskriftabonnement (unike titlar)***	13 286	15 076	1 790	13,5
Trykte abonnement	8 604	7 720	-884	-10,3
Elektroniske abonnement	8 684	10 680	1 996	23,0
Bestand bøker og tidsskrift (i band)	1 746 750	1 761 380	14 630	0,8
Katalogisering/konvertering	33 280	53 190	19 910	59,8

\* Omfatter også ekstra engasjert personale på arbeidsmarknadstiltak mv.

\*\* Inkl. tilskot frå fakultet og frå Haukeland universitetssjukehus på 2,53 mill. kr. i 2004 og 2,22 mill. kr. i 2005. Den store auken i forbruk frå 2004 til 2005 er ikkje reell, men skuldast m.a. fylgjande faktorar: Periodisering ført til at utgifter for 14,6 mill. kr. vart trekte ut av rekneskapen for 2004. Det var ein teknisk (ikkje reell) auke i internhusleiga på 1,326 mill. kr., og UB brukte i 2005 vel 4,1 mill. av ei ekstra løvning til sikringssystem/automatisert utlån ved HF-biblioteket. Når ein tek omsyn til desse faktorane, var det i røynda ein auke i forbruket ved UB frå 2004 til 2005 på vel 1,7 mill. kr., eller nær på 2 %.

\*\*\* For ein del tidsskrift har UB abonnement på både trykt og elektronisk utgåve. Summen av trykte og elektroniske abonnement er difor høgre enn talet på løpende tidsskriftabonnement.

## Satsing på det digitale biblioteket

Universitetsbiblioteket har satsa mykje på å vidareutvikle dei elektroniske tenestene og ressursane sine. Viktige utviklingstrekk i 2005 har vore:

- Plan for overgang frå trykte til elektroniske informasjonsressursar ved UiB er fylgt opp. UB brukte 2,5 mill. kr meir til tilgang til elektroniske ressursar (e-tidsskrift, e-bøker og databasar) i 2005 enn i 2004. Talet på elektroniske abonnement steig frå 8.680 i 2004 til 10.680 i 2005, medan talet på trykte abonnement vart redusert frå 8.600 i 2004 til 7.720 i 2005. Talet på elektroniske bøker steig frå 880 i 2004 til 24.000 i 2005.
- Felles nettportal for dei fire store universitetsbiblioteka i Noreg vart opna i mai 2005. Portalen er basert på systemet Metalib/SFX, og har i Bergen fått namnet "Bibliotekportalen".
- UB har i fleire år vore med på arbeid med å etablera eit elektronisk publiseringssarkiv ved UiB. Bergen Open Research Archive (BORA) vart lansert hausten 2004. I 2005 starta UB arbeid med å legga til rette eit eksamsensarkiv (EksArk). Det er kome i stand samarbeid om eit tilsvarende nasjonalt publiseringssarkiv, NORA, og det er arbeidd med å samordne BORA med andre system (FRIDA, Norsk digitalt bibliotek, OAI m.fl.).
- Arbeid med å digitalisere og publisere på Internett eldre verdfulle samlingar har halde fram. M.a. er 1.700 bilete digitaliserte ved Biletsamlinga, og det er sett i gong eit prosjekt "Mellomkrigstid", med sikte på å laga ein nettportal som skal gjere tilgjengeleg ulike lokale museale dokumentsamlingar. UB har også i 2005 saman med AKSIS, Historisk institutt og MENOTA-prosjektet vore med i samarbeidsprosjektet "Digital infrastruktur for diplomsamlinga ved UiB", som omfattar diplom (rettslege dokument) frå perioden 1300-1700, på grunnlag av ei løyving frå NFR. Om lag 300 diplom er digitaliserte i 2005.
- Som ein del av Kvalitetsreforma ved UiB vart det i åra 2002-2004 etablert læringssenter med PC-tilbod, tilgang til Internett, osb., ved alle fakultetsbiblioteka. I 2005 vart det serleg arbeidd med det faglege innhaldet i læringssentra, m.a. med å få i stand eit nært samarbeid med familjøa på dette feltet. UB fekk også i samarbeid med biblioteka ved Høgskolen i Bergen og NHH midlar frå Norgesuniversitetet til prosjektet "Digital kompetanse gjennom fleksibel læring".

### **Sterk auke i bruken av elektroniske ressursar**

Det mest slåande trekket ved utviklinga i bruken av UB sine tenester i 2005, er den sers sterke auken i bruken av elektroniske ressursar. Nedlastingar frå nettet av elektroniske fulltekstdokument som UB abонnerer på erstattar i stigande grad lån i form av artikkkelkopiar o.l. Talet på slike nedlastingar vart nær på dobla i 2005, frå 345.000 i 2004 til 675.000 i 2005. Talet på ordinære (fysiske) lån vart litt redusert, frå 365.600 i 2004 til 340.000 i 2005. Dette tyder at talet på nedlastingar frå nettet av fulltekstdokument i 2005 var høgre enn samla tal for fysiske lån ved UB nokon gong har vore. Det tyder også at det var ein større bruk av UB sine samla ressursar, både trykte og elektroniske, enn nokon gong før. Bruken av dei samla ressursane var i 2005 1.015.200, mot 710.800 i 2004 (som også var eit rekordår), dvs ein auke på 42,8 %.

Det var også ein klar auke i talet på besøk ved UB sine avdelingar i 2005. Etter ein periode med stagnasjon har besøkstala ved UB dei tre siste åra auka med om lag 15 % kvart år. Alt tyder på at hovudgrunnen til denne sterke auken er etableringa av læringssenter ved UB.

### **Nyopning av Det historisk-filosofiske fakultetsbiblioteket**

Det gamle hovudbiblioteket på Haakon Sheteligs plass 7 har dei siste åra gjennomgått ei omfattande ombygging med sikte på å bli eit tidsmessig fakultetsbibliotek for Det historisk-filosofiske fakultetet. Dei fleste av dei tilsette ved fakultetsbiblioteket flytta inn i dei ombygde lokalene ved årsskiftet 2004-2005, og våren gjekk med til å få på plass att litteraturen. Det "nye" HF-fakultetsbiblioteket opna for publikum i august, og den offisielle opninga vart markert m.a. med eit seminar 13. september 2005, på dagen 34 år etter at bygget vart teke i bruk for første gong. Med dette er ein langvarig prosess med utbygging av funksjonelle fakultetsbibliotek med opne samlingar i nær tilknyting til fakulteta fullført.

### **Kompetanseheving**

UB har dei siste åra satsa systematisk på kompetanseheving for dei tilsette. I 2004-2005 har dei aller fleste av dei tilsette ved UB tatt Datakortet. I tillegg er det gjennomført fleire tiltak med serleg vekt på styrking av informasjonskompetanse og pedagogisk kompetanse i samband med etablering av læringssenter ved UB.

## Første spadetak på nytt studentsenter



Torsdag 26. mai 2005 vart grunnsteinen til det nye studentsenteret lagt ned. Det nye bygget går under namnet "Nystemten", og skal etter planen stå ferdig ved årsskiftet. Bygget vil ha eit areal på 11 500 kvadratmeter, fordelt over tre plan. Fasaden blir av lys kalkstein og glas. Bygget skal huse service- og velferdsfunksjonar, og mykje av plassen vil bli brukt av Studentidretten. Mellom anna vil det bli rom for eit symjebasseng med stupetårn. I tillegg vil studentdemokratiet få rom i bygget. Det er Luseparken arkitekter AS i Trondheim som har stått for utforminga.

I midten av september opna det nye HF-biblioteket etter å ha vore stengt i vel to år for totalrenovering. Opninga skjedde på dagen 44 år etter at bibliotekbygget opprinnelig var ferdig, i 1961. Den gongen heitte det Universitetsbiblioteket i Bergen. Sidan er biblioteket blitt desentralisert, slik at kvart fakultet har fått sine eigne samlingar. Det nye HF-biblioteket markerer slutten på denne prosessen.

Biblioteket framstår i dag som eit læringscenter, og er difor utstyrt med mange pc-ar og arbeidsplassar til bruk for publikum. Det er også bygt ein ny og moderne kaffebar inn i lokalene. Det nye biblioteket er i hovudsak designa av arkitekt Nicolai Alfsen.

Bergen vitensenter kunne endeleg opne dørene for publikum i september 2005, etter fleire år på planleggingsstadiet. Vitensenteret held til i kjellaren på Høgskulen i Bergen, og UiB er medeigar i senteret. Eit vitensenter er eit aktivitetssenter for naturvitenskap og teknologi, spesielt retta mot barn og unge. Eit viktig mål med senteret er å auke interessa for å velje utdanning innan naturvitenskap og teknologi. Bergen vitensenter vart etablert som eiga stifting i 2001.

# Tal for 2005

## **Studentar**

Talet på eksamensmeldingar auka frå om lag 68 000 i 2004 til 71921 i 2005. Strykprosenten gjekk ned frå 7,8 prosent i 2004 til 6,9 prosent i 2005.

I 2005 vart det avgjort studiepoeng tilsvarande 10 616 årseininger.

## **Forsking**

UiB har hatt høg forskingsaktivitet innanfor kjerneområda i 2005. I tillegg er nye faglege satsingar identifisert, og vil bli følgt opp i åra som kjem.

## **Rekneskap**

Rekneskapstal viser at verksemnda ved universitetet hadde eit omfang på 2,6 milliardar i 2005. Endelige rekneskapstal og årsberetning for 2005 skal reviderast av Riksrevisjonen før overlevering til Utdannings- og forskingsdepartementet 15. juli 2006.

Tal for 2005 – gå til denne linken: <http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/budsjettrapport/> og velg UiB – 2007

# Det historisk-filosofiske fakultet

## Store forskingsprosjekt og betre forskarutdanning

Satsing på utvikling av større forskingsprosjekt og vidare arbeid med Kvalitetsreforma har vore viktige faglege saker for HF-fakultetet også i 2005. I tillegg kjem omfattande arbeid med fagleg reorganisering og administrativ omstilling og tilpassing til ny fagleg struktur.

Totalt har fakultetet relativt gode resultat for 2005, med ei auke i total studiepoengsproduksjon, fleire uteksaminerte kandidatar på høgare nivå og betre gjennomføring på doktorgradsnivå.

### Kvalitetssikring og evaluering

Kvalitetsreforma prega utdanningsverksemda ved fakultetet også i 2005. Fokuset har gradvis vorte flytta frå utviklinga av kursemne og nye pedagogiske opplegg til samanheng i programma og gjennomføring. Kvalitetssikring og evaluering har blitt meir vektlagt og det er innført ordning med programsensorar på ni program og 11 fag. Det er utvikla ny handlingsplan for masterutdanninga, med tanke på å betre gjennomføringa på høgare nivå. Etter ein viss stagnasjon i gjennomføringa på master/hovudfag i 2003 har gjennomføringa betra seg kraftig dei to siste åra, og i 2005 ligg fakultetet 37 kandidatar over måltalet.

Fakultetet arbeider vidare med internasjonalisering av studietilboda. Det vart utarbeidd ei innstilling om internasjonalisering i 2005 og det skal lagast ein handlingsplan i 2006. Fakultetet har som målsetjing å forbetre resultatet på utveksling, på bachelor- og masternivå i tillegg til lærarutveksling. Tendensen er positiv i høve til utreisande studentar, medan tala syner eit svakare resultat på innkomne studentar.

### Held fram arbeidet med førstesemesterstudiet

Førstesemesterstudiet har også i 2005 hatt eit spesielt fokus. Fakultetet har brukt mykje ressursar på å betre dette tilbodet. Seminarmodellen er no gjennomførd fullt ut i dei fakultetsspesifikke prøvene i førstesemesterstudiet. Elektronisk studiestøttesystem som KARK og Classfronter er i bruk i stor målestokk på desse innføringsemna. Med tilrettelegging for permanente faglege koordinatorar for Akademisk skriving og Tekst og kultur har førstesemesteremna fått eit fagleg løft med svært god gjennomføring.

Akademisk skriving fekk UiBs utdanningskvalitetspris i 2005, og er institusjonens kandidat til NOKUT sin pris.

### Nye studietilbod

Det er ikkje oppretta nye studieprogram på bachelornivå i 2005, men det er fleire arbeidsgrupper i sving som arbeider med framlegg til nye tverrfaglege program (USA-studiar, Latinamerika-studiar og Tolking og interkulturell kommunikasjon). Dei integrerte lærarutdanningane er inne i sitt andre studieår og er i ferd med å finna si form. Det har skjedd nokre endringar i desse programma, til dømes har det vorte opna for større valfridom innafor framandspråksprogrammet, mellom anna på bakgrunn av tilbakemeldingar og ønske frå studentane.

Fakultetet har ein stor portefølje av etter- og vidareutdanningstilbod, og det er oppretta fleire nye tilbod i 2005, mellom anna årsstudium i tysk og fransk.

Satsing på regionalisering.

Som innspel til UiBs forskingsstrategi har HF gjort framlegg om eit nytt tverrfakultært satsingsområde: Region og regionalisering, med fokus på Vestlandet. Dette er no kome med i forskingsstrategien til UiB og profileringa både av ei tverrfagleg mastergradsutdanning og profilering av forskingsprogrammet er no under vidare utgreiing i eit tverrfagleg samarbeid med deltagarar frå institusjonane på Vestlandet.

### Større løyvingar frå Forskningsrådet

Fakultetet har også i 2005 hatt fokusert å stimulere til å organisera større forskingsprosjekt gjennom

informasjonsmøte om utlysingar og søknadsprosedyrar. Fakultetet er sterkt involvert i nasjonale initiativ for å fremma humaniora nasjonalt og andsynes EU.

To store forskingsprosjekt der humanistar og samfunnsvitarar står sentralt vart tildelt Universitetet i Bergen i 2005; *Landslide of the norm* (Lunde, IKRR), fikk ei løyving på nesten 8 millionar kroner til eit fireårig prosjekt. To postdoktorar, ein doktorgradsstipendiat og to mastergradsstudentar er knytt til prosjektet tillegg til eit internasjonalt nettverk av ni forskarar frå ulike land.

STORFORSK-prosjektet: *In the wake of colonialism. Norwegian commercial interests in colonial Africa and Oceania* (Kjærland, Bang, Senter for utviklingsstudiar/ Historisk institutt) fikk ei løyving på til saman 8,8 millionar til eit fireårig prosjekt. To doktorgradsstipendiatar og fleire internasjonale forskarar er knytt til prosjektet, som vil kaste nytt lys over nordmenn sine økonomiske interesser i Afrika og Oseania, først og fremst i perioden 1880-1940.

Fakultetet vart i 2005 tildelt kr. 500 000 frå Forskningsrådet til utvikling av 4 søknader til EUs 6. rammeprogram. 4 søknadar er sendt inn, men nådde ikkje opp i konkurransen.

### CMS

Senter for middelalderstudiar, som tilhører eitt av tre senter for framifrå forsking ved UiB, fekk i fjar også status som Nordisk senter for framifrå forsking, og organiserer no ein nordisk forskarskule med om lag 30 kandidatar innafor det nordiske nettverket.

### Forskarutdanning

HF-fakultetet har arbeidd mykje med integrering av PhD-kandidatar, mellom anna gjennom forskarskuluar, startseminar for alle nye kandidatar og deira rettleiarar, spesielt tilrettelagde tilbod (kurs i akademisk engelsk, akademisk skriving o.l.), stimulering til utanlandsopphald og belønning ved levering ved normert tidsbruk. Resultatet er at fleire kandidatar fullfører på normert tid.

Forskarskulen i Språkvitskap og filologi starta opp i oktober 2004 og er frå januar 2006 utvida til eit nasjonalt tilbod i samarbeid med 4 andre universitet og høgskular. Til saman 80 kandidatar vil vere knytt til den nasjonale forskarskulen. Dei andre forskarskulane ved HF er Program for studiar av antikkens kristendom (PROAK) og Senter for middelalderstudier (CMS). Forskarskulane samarbeider om fellestiltak. HF delfinansierer også den nasjonale forskarskulen i estetiske fag, Tekst, bilde, lyd og rom, og er med i to nordiske nettverksforskarskuluar innan arkeologi og kvinne- og kjønnsforsking.

### Reorganisering og omstilling

I mai 2005 vedtok fakultetsstyret samrøystes ny fagleg organisering av fakultetet. Talet på institutt vil i samsvar med innstilling og vedtak verte redusert frå 11 til fem storinstitutt. Parallelt har det pågått eit omstellingsarbeid som gjeld tilpassing og ny organisering av den samla administrasjonen ved fakultetet i høve til den nye faglege strukturen. Oppfølging av dei formelle vedtaka om fagleg reorganisering og administrativ omstilling har pågått i heile 2005 og har vore omfattande og ressurskrevjande. Ein vurderer det likevel slik at oppnådde resultat så langt har vore gode. Ein viktig suksessfaktor i det vidare arbeidet vil vere å sikre ei best mogleg samlokalisering av dei nye faglege einingane som skal vere operative med verknad seinast frå august 2007.

# Det juridiske fakultet



Foto: Paul S Amundsen

## Juridisk forsking på dagsordenen

Verksemda ved Det juridiske fakultet har også i 2005 vore prega av gjennomføringa av Kvalitetsreforma med ny studieordning, men det er også lagt stor vekt på utvikling av forskingsaktiviteten og styrking av det internasjonale engasjementet.

### Utdanning

Den nye studieordninga gjekk inn i det tredje året haustsemesteret 2005. Framleis er det eit stort overgangskull med studentar som har eit spesialtilpassa opplegg i overgangen frå gamal til ny studieordning, men desse studentane nærmar seg no avsluttinga av studiet. Studentane ved fakultetet scorar høgt på alle måleparametrane for studentgjennomstrøyming: studiepoengsproduksjon (51 pr. registrerte student), ferdige kandidatar (213), samt utvekslingsstudentar (75).

Fakultetet har tilsett to eksterne programsensorar, av desse ein professor frå Sverige. Dei kom i gang med sitt arbeid i løpet av hausten. I tråd med kvalitetssystemet til UiB vil programsensorane laupande evaluera kvaliteten på fakultetet sitt studieprogram. Fakultetet har også oppnemnd ei intern nemnd som skal vurdera justeringar/endringar i studieplanen basert på erfaringane frå dei tre første åra.

Det er på det reine at den nye studieordninga er ambisiøs og derfor kostnadskrevjande, og ei mykje tiltrengt forbetring av høvetalet mellom lærar og student vil krevja ytterlegare ressurstilføring. NOKUT har lagt opp til evaluering av dei juridiske fakulteta. Evalueringa skulle ha starta i 2005, men er utsett til 2006. Det vil vera ei stor utfordring for fakultetet å møta dei krava til lærardekning som NOKUT set.

### Forskingssatsing

Rettsvitskapleg forsking har vore underdimensjonert i Noreg, og dei juridiske fakulteta har i fleire år samarbeidd med siktet på å få til ei styrking. Det juridiske fakultet i Bergen har i 2005 arbeidd med ei styrking av forskingsaktiviteten, i stor grad innanfor rammene av det såkalla "krafttaket for juridisk forsking" som den førre justisministaren tok initiativet til for å setja juridisk forsking på dagsorden. Krafttaket gav i 2005 ein million kroner i friske midlar til fakultetet frå Justisdepartementet. Desse midlane er brukt til å leggja administrativt og praktisk til rette for auka tilfang av ekstern prosjektfinansiering, rekrutteringstiltak i form av forprosjektmidlar til lovande potensielle doktorgradsstipendiatar, samt til å stimulere til aktivitet i dei nystartade forskargruppene ved fakultetet. Den nye politiske leiinga i Justisdepartementet har følgt opp krafttaksinitiativet, og Justisdepartementet, Noregs forskingsråd og dei tre juridiske fakulteta i Noreg er i tett dialog om korleis denne satsinga skal oppretthaldas og forsterkast i åra framover. Det er sett av til saman seks

millionar kroner pr. år øyremerka juridisk forsking i perioden 2006-2009, som vil bli kanalisiert gjennom Forskningsrådet.

### **Etablering av forskargrupper**

I løpet av 2005 har det, etter innspele frå dei vitskapleg tilsette ved fakultetet, blitt organisert til saman 14 forskargrupper ved fakultetet. Gruppene er i utgangspunktet uformelt organisert med ein leiar. Høve til å søkja midlar frå krafttaksmillionen til å arrangera seminar og andre faglege aktivitetar har medverka til ein aktiv start for gruppene. Dei utfordringar rettsvitenskapleg forsking står overfor krev større forskingsprosjekt, betre forskingsleiring og meir tverrfagleg forsking. Forskargruppene er eit veleigna verkemiddel for å møta denne utfordringa. Den auka vekta på organisering og forskingsleiring ved fakultetet representerer ikkje noko inngrep i den akademiske fridomen til å velja forskingstema eller rådveldet over forskingsresultata, men er eit positivt verkemiddel for å stimulera til fruktbart fagleg samarbeid.

### **Internasjonalisering**

Fakultetet har gjennom året lagt stor vekt på utvikling av den internasjonale kontakten gjennom etablering av fleire avtalar om utveksling av studentar med sikte på det nye masterstudiet. Ein har fått fleire utvekslingsavtaler med universitet i England og i Europa elles. Talet på studentar som reiser ut, og også utanlandske studentar som kjem til Bergen, har gått opp i 2005, og kan ventast å stige vidare når den nye studieordninga er fullt ut implementert.

Det er inngått ein omfattande samarbeidsavtale med Universitetet i Marburg med sikte på utveksling av studentar og forskrarar. Samarbeidet med Bond University i Australia og med Hamline University i USA har blitt utvikla vidare. Det er også etablert utvekslingsavtaler med universitet i Kina. Det er lagt opp til utviding av samarbeidet med universitet i USA. Det blir også arbeidd med utvikling av forskingssamarbeid med universiteta i Aberdeen og i Freiburg.



## Det matematisk-naturvitenskapsfakultet

Det første møtet for Nordic Network for Women in Physics (NorWiP) fann stad i Bergen 8.-10. august 2005, i samband med det internasjonale fysikkåret

### Historisk sus og nye oppdaginger

I 2005 var det 100 år sidan Albert Einstein publiserte tre banebrytande artiklar som seinare har påverka all moderne fysikk. Dette vart markert i verdas internasjonale fysikkår. Studentar og tilsette ved Institutt for fysikk og teknologi feira fysikkåret med eit mangfald av aktivitetar og arrangement, mellom anna med ein nordisk nettverkskonferanse for kvinner i fysikk med 100 deltagarar. Eit høgdepunkt i jubileet var uroppføringa av skodespelet "Becomeing Albert Einstein" av Robert Marc Friedman, med Frode Rasmussen i hovudrolla.

Det internasjonale fysikkåret prega mykje av aktiviteten ved fakultetet i 2005. I tillegg er stor forskingsaktivitet og betre studentgjennomstrøyming viktige stikkord for året som gjekk.

### Forsking og formidling

Forskingsaktiviteten er organisert gjennom åtte institutt ved fakultetet og står i nært samarbeid med fleire tverrfaglege forskingsentra. To av dei har status som Senter for framifrå forsking, eitt innan klimaforsking og eitt innan petroleumforskning.

Sommaren 2005 vedtok Fakultetstyret den nye forskingsstrategien (Les meir på: [http://www.uib.no/mnfa/strategi/MatNatForskningsstrategi\\_final.pdf](http://www.uib.no/mnfa/strategi/MatNatForskningsstrategi_final.pdf) ).

I 2005 fylte jordskjelvstasjonen i Bergen 100 år. Det blei markert med ei jubileumsutstilling på Bergen museum. I 1904 tiltredde Noreg den internasjonale konvensjonen for jordskjelforskning, og året etter løyvd Stortinget midlar til ein seismograf som vart plassert ved Bergen museum. Ein meir avansert seismograf kom til på byrjinga av 20-talet. No har UiB eit moderne seismisk nettverk med 30 stasjonar som dekkjer heile fastlandet og dei nærliggjande havområda. I oljealderen er kunnskap om jordskjelv svært relevant, mellom anna for å kunne bygge plattformer som kan tolle jordskjelv. (Les meir på [http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis\\_nyhet&id=130505105325](http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis_nyhet&id=130505105325) )

UiB fekk i 2005 støtte til tre prosjekt gjennom STORFORSK. Dette er ei ny ordning for å finansiere store, frie grunnforskningsprosjekt med "høy risiko og vitenskapelig dristighet", som det heiter i kriteria frå Forskningsrådet. Eit av prosjekta som fekk støtte høyrer til ved Institutt for geovitskap, - "The Ice Age development and human settlement in Northern Eurasia". Dette er eit stort tverrfaglig forskingsprosjekt som er initiert av Jan Mangerud og John Inge Svendsen. Prosjektet skal utforska den naturhistoriske utviklingshistoria i kvartærtida, og mennesket si tidlege innvandringshistorie.

Verdas nordlegaste undersjøiske varmekjelde vart i sommar oppdaga på 600 meters djup under eit forskingstokt med G.O Sars. Toktet var eit ledd i eit større prosjekt finansiert av Noregs forskningsråd og har som siktemål å undersøke mikrobielt liv djupt nede i jordskorpa. Rolf Birger Pedersen leier prosjektet i samarbeid med UiB-kollegaene Ingunn Thorseth og Lise Øvreås (Les meir på [http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis\\_nyhet&id=90805133349](http://meldinger.uib.no/nettavis/?modus=vis_nyhet&id=90805133349) )

Prof. Ola M. Johannessen ved Geofysisk institutt og hans fem partnarar i prosjektet Climate and environmental change in the Arctic (CECA), blei tildelt EUs prestisjetunge "Descartes Research Prize 2005" i konkurransen med 84 andre prosjekt. CECA fekk prisen, som er på € 1,000,000, for banebrytande forsking på klima- og miljøendringar i Arktis. (Les meir på <http://europa.eu.int/comm/research/press/2005/pr0212en.cfm> )

29. september opna Centre for Element and Isotope Analysis (CEIA). Dette spring ut av langvarige behov ved ulike fagmiljø på Det matematisk-naturvitenskaplege, odontologiske og medisinske fakultet. CEIA er samfinansiert med Noregs forskingsråd og lokalisert ved Institutt for geovitskap, og kan analysera alt frå bergartar til blodserumsprøvar. Senteret vil dessutan leggje til rette for tverrfagleg forsking med utgangspunkt i fag som arkeologi, molekylærbiologi, marinbiologi, medisin og geovitskap.

### **Gode studieresultat**

Hausten 2005 vart det innført opptakskrav for å kome inn på realfagsstudia ved universiteta i Noreg. Sjølv om krava medførte ein reduksjon i søkjartalet og noko færre studentar, er resultata særslig opplyftande. Hausten 2005 bestod 387 studentar innføringsemna i matematikk mot 311 i 2004 og 213 i 2000. Det er også fleire som består i kjemi, samtidig som gjennomsnittskarakteren aukar eit heilt nivå.

Våren 2005 avslutta det første kullet masterstudentar sitt 2-årige tidsavgrensa studium. Medan berre eit fåtal av fakultetet sine høgaregradsstudentar tidlegare fullførte på normert tid, hadde meir enn 80% av dette kullet fullført eksamen innan fristen. Sjølv om tidsfrist på mastergraden har vore omstridt, er studentane på fakultetet jamt over nögde med den nye ordninga.

Matematisk institutt fekk Realistutvalet sin forelesarpris for tredje gong på fire år. Prisen gikk til professor Bjørn Ian Dundas.

Det nye integrerte lærarutdanningsprogrammet ved fakultetet kom i full drift i 2005, med tilsetting av 3 nye fagdidaktikarar.

### **Kvinnelig matematikar tilsett**

I 2005 tilsette Matematisk institutt den første kvinnen i fast vitskapeleg stilling på mange år: italienske Antonella Zanna Munthe-Kaas. Dette er den andre kvinnen i fast vitskapeleg stilling i instituttet si historie.

# Det medisinske fakultet

## Store gaver til medisinsk og helsefagleg forsking

Utdanning, forsking og formidling innan medisin og helse er høgt prioriterte område internasjonalt og i Noreg. Hovudutfordringa ved Det medisinske fakultet er å integrere satsingar innan forsking og ei rekke nye studieprogram med den eksisterande drifta i grunnmiljøa.

Det medisinske fakultet har dei siste åra gjennomført ei omfattande omstilling. Etablering av få, slagkraftige institutt med tilsette instituttleiarar frå 1. august 2005 er ein milepæl for fakultetet.

I tråd med intensjonane i Kvalitetsreforma, arbeider fakultetet med å nytta felles undervisning og infrastruktur blant anna frå profesjonsstudiet i medisin, også i nye studium som vert oppretta. Fakultetet gir no eit breidt tilbod innan helserelatert utdanning for å møte ein sterkt aukande etterspørsel etter denne typen utdanning.

### Sterk evaluering av sjukepleieutdanninga

Kvalitetsutvikling og evaluering vert nytta aktivt også i dei nye mastergradsstudia som er starta ved fakultetet dei siste åra. Det er difor svært gledeleg at mastergradsutdanninga i sjukepleie ved fakultetet fekk ei svært god evaluering i den nasjonale akkrediteringa som vart fullført i 2005. Føremålet med ei akkreditering i regi av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), er å kontrollere kvaliteten på studietilboden. Som eitt av berre to mastergradsstudium i Noreg fekk mastergradsutdanninga i sjukepleievitskap stadfestat at studietilboden oppfyller alle standardar og kriterium og er akkreditert.

### Nytt masterprogram i human ernæring

Masterprogram i human ernæring vart etablert i 2005 som eit tverrfagleg studium i samarbeid med Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet og Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES). Human ernæring er ei ny tverrfagleg studieretning sett saman av emne frå fleire fagmiljø. Målet med studieretninga er å gi kjennskap til biokjemiske og fysiologiske mekanismar for fordøyning og stoffskifte i ulike næringsstoff, og vise kva for verknad kosten har for god helse. Problemstillingane blir definerte innan området ernæringsfisiologi med særlig fokus på marine ressursar.

### Forskarskolar styrker forskarutdanninga

Fakultetet arbeider kontinuerleg med utvikling av infrastruktur og insentiv for kvantitativ og kvalitativ god forsking og undervisning. Heile 5 forskarskolar er etablert ved fakultetet i 2005 i samarbeid med andre fakultet og med helseforetaka. Fakultetet har no forskarskolar innan internasjonal helse, nevrovitenskap, translasjonell kreftforskning, inflamasjon og klinisk medisin. Forskarskolane styrkar både forskarutdanninga og dei tematiske forskingsområda og legg betre til rette for ein effektiv og målretta rekruttering til vitskaplege toppstillingar ved universitetet, i den offentlege helsetenesta og innan industrien.

### Store gaver gir løft for medisinsk forsking

Medisinsk forsking har fått eit ekstra løft med dei gåvmilde donasjonane frå Frank Mohn-selskapa og Mohn-familien til vitskapleg utstyr og forskingsfond. Fagmiljøa ved fakultetet er audmjuke og takknemlege for at private bidragsytarar gjer det mogleg med auka innsats innan pasientretta forsking og behandling ut over kva som ville vært mogleg med eksisterande ressursar. Innkjøp av ny PET/CT-skannar til bruk i diagnostikk av pasientar og til forsking, auka satsing på translasjonsforskning og rekrutteringsstipend for yngre dyktige forskarar, er synlege resultat av dei store gavene frå Mohn-familien.

### Styrka fokus på translasjonsforskning

Fakultetet satsar sterkare på translasjonsforskning. Translasjonsforskning er forsking der ein kombinerer grunnforskning med pasientretta (klinisk) forsking. Det vil seie at problemstillingar og metodar brukt i grunnforskninga kan nyttast i ein klinisk setting og problemstillingar i den kliniske kvarldagen kan løysast med moderne og avanserte metodar frå grunnforskninga. Samla vil ein slik kombinasjon gi betre grunnlag for å finne svar på dei ulike forskingsspørsmåla som vert stilt. Ein samlokalisert forskingspark

med universitetssjukehuset og moderne avansert vitskapleg utstyr gjer at fagmiljøa ved fakultetet har unike rammevilkår når det gjeld samarbeid mellom fagmiljø innan grunnforsking og pasientretta forsking.

#### **God utteljing for helserelatert utviklingsforsking**

Fagmiljø innan helserelatert utviklingsforsking er internasjonalt leiande innan sine felt og har lukkast svært godt dei siste åra. Helserelatert utviklingsforsking ved fakultetet rettar seg særleg mot utvikling av nye behandlingsmetodar mot infeksjonssjukdomar som aids og malaria og lungesjukdomar (tuberkulose) som vil gi befolkninga i utviklingsland vesentleg betre levekår.  
Globale helseutfordringar som forskingsfelt har fått auka slagkraft ved svært gode evalueringar og god utteljing i tildelinga av nasjonale prosjektmidlar frå Noregs forskingsråd. Etter utlysing og i konkurranse med andre fagmiljø vart fire av sju prosjekt innan Global helse-programmet i Noregs forskingsråd lagt til Senter for internasjonal helse og Gades institutt ved fakultetet.

# Det odontologiske fakultet



## Forskarskular gjev resultat

Etablering av forskarskular ved UiB har stimulert forsking og forskarutdanning ved Det odontologiske fakultet. Den tverrfaglege basisen er styrka, og fakultetet produserte dobbelt så mange doktorgrader som året før.

### Evalueringar og omstillingar

2005 var et år der mykje av tida vart brukt til evaluering av studieprogram og den faglege og administrative organiseringa ved Det odontologiske fakultet (DOF). Planprosessen for eit nytt odontologibyggi kom eit viktig skritt vidare, og det er rimeleg å forvente at vi i løpet av 2006 vil få klare signal om kva tid byggeprosessen kan starte. Parallelt med evalueringar og planlegging for framtida vart det også gjennomført ei utreiling for å vurdere om det er mogleg å etablere eit nytt medisinsk-odontologisk fakultet.

Oppfølging av desse sakene vil starte i 2006, og vi vil venteleg få ei avklaring på om det blir eit nytt fakultet eller ikkje. Med dette bakteppet frå 2005 er det all grunn til å hevde at 2006 vil bli eit utfordrande år for DOF.

Det er fleire sider ved aktiviteten ved fakultetet som kan trekkast fram frå 2005, men vi vil her fokusere på forskingssatsinga. Frå vi i 2002 fikk den første løyvinga frå Noregs forskingsråd for å satse på klinisk odontologisk forsking, har det skjedd mykje innanfor forskinga ved fakultetet.

### Fokus på forsking, forskarskular og forskarutdanning

Det odontologiske fakultet har i 2005 arbeidd med å konsolidere dei tverrfaglege nettverka og samarbeidande forskarskulane innanfor Universitetet i Bergen. Utviklinga og etableringa av ny forskarutdanning og forskarskular ved UiB har verka stimulerande på arbeidet ved DOF. Dette har styrka fakultetet sin tverrfaglege basis, og samstundes konsolidert forskinga kring nokre hovudmiljø. Evalueringane av både kliniske og biologiske delar av verksemda har gjeve viktige innspel til prosessen, og har styrka våre relasjonar til mellom anna Senter for internasjonal helse og Senter for kognitiv nevrovitenskap, som begge har fått svært god evaluering (*excellent*).

Forskarutdanninga står sentralt i fakultetet si satsing på forsking. Fokuset på forskarskular og kvalitetssikring av forskarutdanninga har teke til å gje resultat. Gjennomstrøyminga på forskarutdanninga er merkbart betre enn tidlegare år, og den totale produksjonen av doktorgrader ved fakultetet i 2005 var sju. Dette er ei dobling av produksjonen frå 2004. Utfordringa framover blir å

oppretthalde ei god rekruttering til stipendiatstillingane, samt å få etablert postdoktorstillingar slik at vi kan sikre oss dei beste forskarane til framtidige faste vitskapelege stillingar

#### **Omorganiserer forskingsaktiviteten**

Fakultetet har samarbeidd med forskarskular i inflammasjon, translasjonell krefftforsking, nevrovitenskap og internasjonal helse. I tillegg vil fakultetet starte opp ein egen forskarskule i biomateriale i løpet av 2006. Dei siste åra har fakultetet gjennom omorganisering av forskinga samla forskingsaktiviteten i fem tematiske forskargrupper. Omorganiseringa dannar grunnlag for den nye forskingsstrategien som er utarbeidd for 2006-2010. Eit hovudmoment i forskingsstrategien er å utvikle sterkare og større forskingsgrupper, og å forankre forskarutdanninga i gode forskingsmiljø. Strategien legg også opp til ei styrking av forskingsleiing gjennom tydelegare mandat til leiarane av forskargruppene.

#### **Spytt ut! fekk publikumspris**

Forskingsformidling er også eit prioritert felt ved fakultetet. I 2005 vann fakultetet publikumsprisen for tredje år på rad i forskingsfestivalen Forskningsdagene. Prosjektet *Spytt ut!* fengja mange publikummarar, spesielt skuleelevar, og fikk fleire oppslag i dagspressa samt i radio og tv.

# Det psykologiske fakultet



Foto: Paul S Amundsen

## Høg aktivitet i jubileumsåret

I 2005 feira Det psykologiske fakultet 25-årsjubileum med mange internasjonale gjesteførelesarar, forskingskonferanse og utdeling av fleire reisestipend for yngre forskarar. Fakultetet har vidareført strategiane sine omkring styrking av forskingsgrupper, internasjonalisering og kvalitetssikring av studietilboda.

### Forsking

Mange av forskarane ved fakultetet har svært høg internasjonal profil. Til dømes er The Bergen fMRI Group ei av gruppene i Nordic Center of Excellence on Cognitive Control. Det nordiske CoE-programmet er finansiert av Joint Committee for Nordic Research Councils for the Humanities and the Social Sciences (NOS-HS)/Forskningsråda, Nordisk ministerråd/NordForsk.

Professor emeritus Dan Olweus blei tildelt Dronning Sofias medalje for framifrå forsking og tiltak mot mobbing i skulen.

I 2005 har veksten i forskarutdanningsprogrammet ved fakultetet vore svært stor, og mot slutten av året var det registrert over 100 kandidatar i forskarutdanningsprogrammet. Forskarutdanninga har dessutan blitt utprega fleirfagleg og internasjonal: om lag halvparten av kandidatane har ein annan fagbakgrunn enn psykologi, og ein av fem er rekruttert frå utlandet. Fakultetet har også eit nært samarbeid med Vestnorsk Nettverk i forskarutdanninga si. Det psykologiske fakultetet leier det nasjonale Dobbekompetanseprosjektet, der stipendiatare parallelt tek doktorgrad og godkjent klinisk spesialistutdanning i psykologi. Ni av dei førebels 22 kandidatane er tilknytt UiB/Helse Vest.

Organiseringa av den obligatoriske delen av forskarutdanningsprogrammet er i 2005 blitt meir strømlinjeforma og vert no koncentrert til ein samanhengande kursperiode på 10 dagar. Åleg vert det også skipa til stipendiatsamlingar.

### Forskarskular og SFF-satsing

Fakultetet held fram arbeidet med å utvide porteføljen av forskarskular og har i løpet av 2005 utvikla innhaldet i og planlagt oppstart av to nye skular. Fakultetet held òg fram arbeidet med å konsolidere organiseringa av forskinga i grupper og styrke rekrutteringa. Mellom anna har tre grupper ved fakultetet vært sentrale i å søke status som Senter for framifrå forsking. Rekrutteringsplanen har særleg fokus på postdoktornivå i tråd med tilrådingane i dei nasjonale fagevalueringane innanfor helsefag, psykologi og pedagogikk.

Fakultetet har òg i 2005 styrkt samarbeidsrelasjonane til Helse Vest. Mellom anna har forskarar ved fakultetet vore sterkt engasjerte i ei strategisk satsing for å styrke forskinga innan psykologi/psykiatri. Det har i 2005 vore ein klar auke i omfang av felles forskingsprosjekt samfinansiert av fakultet og helseforetak, mellom anna til eit større prosjekt om kartlegging og behandling av angst hos barn og vaksne.

## **Utdanning**

Fakultetet står for om lag 20 prosent av dei nye studentane til lågare grads nivå ved Universitetet i Bergen, og har hatt ein jamn vekst i produserte studiepoeng. Dei siste to-tre åra har fakultetet arbeidd målretta for å realisera meir heilskaplege utdanningstilbod for desse studentane i tråd med intensjonane i Kvalitetsreforma, og ikkje minst for å gje eit betre og meir strukturert tilbod til den gruppa som ikkje maktar å konkurrere seg inn på psykologstudiet. Det første året på lågare grad inngår no som grunnlag for fleire studieprogram ved fakultetet.

Som eit ledd i kvalitetsarbeidet, oppretta fakultetet med verknad frå haustsemesteret 2003 ein bachelorgrad i arbeids- og organisasjonpsykologi. Dette tilbodet synte seg å vere eitt av dei mest populære programma ved universitetet, med rundt 800 søkjavar til 40 studieplassar. I budsjettbehandlinga i 2005 blei det også vedteke å setje i gang eit masterprogram innan dette faget frå og med hausten 2006. Fakultetet har revidert fleire studieplanar i 2005, og vil frå hausten 2006 gje tilbod om ein tverrfakultær MA i logopedi med ein biologisk og klinisk innretning.

I 2005 starta fakultetet tre nye bachelorprogram innanfor pedagogikk, generell psykologi og helsefremjande arbeid. Desse programma dannar rekrutteringsgrunnlaget for allereie etablerte program på masternivå.

Når det gjeld internasjonalisering, har fakultetet starta arbeidet med å auke utvekslinga på både utdannings- og forskingssida. Eit nedsett utval har levert ein strategi/handlingsplan med fokus på å auke interessa for internasjonalisering og då særleg med tanke på utvikling av nye avtalar og eigne undervisingstilbod på engelsk.

# Nytt styringssystem og styrka fagleg leiing

## Året har vore prega av endring av styringssystem, styrking av faglig leiing og arbeid med langsigte strategiar for fakultetet.

Fakultetsstyret vedtok ein overgang frå valde til tilsette instituttleiarar frå og med haustsemesteret 2005. Dette inneber at tilhøvet mellom fakultetet og grunneining er vesentlig endra. Dei lokale fagmiljøa har gått inn i ein ny periode med større handlingsrom enn før, samtidig som instituttleiarane si rolle er styrka i høve til kollegiale organ ved institutta. Denne omlegginga fordrar aktivt samarbeid og dialog mellom fakultetsleiinga og instituttleiarane og mellom instituttleiarane og fagmiljøa for å utvikle gode leiarroller, samarbeidsrelasjonar og institusjonelle praksisar som stimulerer til fagleg utvikling.

### Nye forskingsområde

Våren 2005 vedtok fakultetsstyret ein forskingsstrategi for fakultetet. Strategien legg føringar for både organisatorisk og tematisk utvikling av fakultetet si forsking.

Fakultetet held fram med å prioritere forskingsfelta som er nedfelt i Forskningsmeldinga og i UiBs sentrale strategi. I det pågåande arbeidet med å utvikle nye sentrale satsingar er særleg Demokrati og rettsstat, Region og regionalisering og Europeisk integrasjon viktige for samfunnsfaga. To av desse områda er delvis initiert av vårt fakultet – demokrati og rettsstat og europeisk integrasjon. Fleire av våre fagmiljø har det siste året vore involvert i planarbeidet og utviklinga av desse nye satsingane. Det har og vore stor aktivitet i fagmiljøa knytt til søknadsprosessar innanfor EU og SFF.

### Nye bachelorprogram

Det er også vedteke ein ny utdanningsstrategi for fakultetet. Utdanningstilbodet skal reflektere dei disiplinar som til saman utgjer fakultetet. På mastergradsnivå vil utdanningstilbodet vere nærmare knytt til forskingsprofilen ved fakultetet.

Institutt for informasjons- og medievitskap starta opp tre nye bachelorprogram i 2005, i film/tv-produksjon, i nye media og i journalistikk. Det var svært stor søknad til alle desse studia.

### Studentrekuttering

SV-fakultetet har de siste årene hatt svært god rekrytering til sine studietilbod på lågare grad. Ved opptaket til studieåret 2005/2006 var det stor konkurranse om studieplassane for alle studietilbod. Opptaket til mastergrad er også auka vesentlig de siste årene og vil også bidra til å oppretthalde studiepoengproduksjonen.

Fakultetet har også ein omfattande aktivitet når det gjelder studentutveksling. Talet på utvekslingsstudentar auka i 2005.

### Likestilling

Fakultetet har utarbeida ein likestillingsstrategi, der det er skissert ulike tiltak som skal setjast i verk for å betre situasjonen for kvinner i vitskaplege stillingar, til dømes i samband med kvalifisering til toppstillingar eller i samband med arbeidskrevjande verv. Fleire kvinnelege førsteamanuensar har fått ei slik ordning i inneverande år.

Det siste året har vårt fakultet også lukkast i å rekruttere seks kvinner til både faste vitskaplege stillingar, postdoktorstillingar og bistillingar. På ei annan side har kvinnedelen i leiarstillingar blitt sterkt redusert ved overgang til tilsette instituttleiarar, der alle no er menn.

Fakultetet har difor vedteke å nytte alle eigne midlar avsett til likestillingstiltak til å betre arbeidssituasjonen for kvinner som tek på seg leiarverv som nestleiar, medlem av fakultetsstyret eller andre arbeidskrevjande leiarfunksjonar.

# Bergen Museum



## Allsidig formidling ved museet

Bergen Museum har hatt svært variert aktivitet i 2005. I tillegg til dei fysiske utstillingane formidlar museet gjennom ei rekke andre kanalar. I tillegg blir internett teke meir i bruk som utstillingsmedium.

### Den kulturelle skolesekken

Tilsette ved Bergen Museum driv aktiv formidling innanfor mange faglege område som arkeologi, kyrkjekunst, teatervitskap, antropologi, geologi, zoologi, botanikk. Omvisingar i utstillingar, deltaking i radio- og tv-program og andre mediebidrag, artiklar, bøker, konferanse- og møtebidrag og undervising for skuleklasser er døme på den varierte aktiviteten i 2005.

Museet hadde 32 publikumsarrangement i 2005. Det vart gjeve 301 omvisingar, 231 for skuleklassar. Totalt hadde museet besøk av 572 skuleklassar. Dei siste åra har museet hatt eit samarbeid med Barnas Hus (Bergen Kommunes kultursenter for barn) om utarbeiding av pedagogiske tilbod for skulelevar. Til no har desse vore knytt til utstillinga av kyrkjekunst med vekt på middelalderens bilete, Evig liv i Egypt, Muséhagens botanikk og Ibsen i Bergen. Dei pedagogiske opplegga blir annonser på nettstaden til Den kulturelle skolesekken og museet engasjerar studentar frå relevante institutt til å hjelpe i undervisinga. Samarbeidet har vore ein stor suksess og det blir arbeidd vidare med utvikling av fleire tilbod.

### Tal på besøkande

I løpet av dei siste åra har Bergen Museum hatt ein fin vekst i talet på besøkande. Frå 2003 til 2005 auka talet med over 21 prosent frå 45.586 til 55.289. Veksten frå 2004 til 2005 var på rundt fem prosent. I tillegg kjem omrentlege tal for besøk i dei ulike botaniske anlegga, Muséhagen og Arboretet og Botanisk hage på Milde, på rundt 190.000 for 2005.

### Utstillingar

I 2005 vart det starta opp ti prosjekt for permanente og 14 mellombelse utstillingar, medrekna utstillingar i dei botaniske hagane. I tillegg lånte museet inn fem vandreutstillingar. Av dei meir permanente utstillingane blir to i Dei naturhistoriske samlingar framheva; Fra kyst til vidde og Når jorden skjelver. Fra kyst til vidde er ei utstilling om Hordalands natur. Utstillinga har sitt faglege utspring i den tverrfaglege boka Naturhistorisk vegbok som blei gitt ut i 2004. Utstillinga har mellom anna ein flysimulator som tek dei besøkande med på ei virtuell reise til kommunane i Hordaland. Når jorden skjelver er ei utstilling om jordskjelv og jordskjelforskning i Bergen. Ideen til utstillinga kom frå

instituttmiljøet i samband med at det i 2005 var 100 år sidan den første norske seismografen kom til Jordskjelvstasjonen og Bergen Museum. Utstillinga har mellom anna ein tsunami-simulator, og fekk stor merksemd på grunn av jordskjelvet utanfor Sumatra 2. juledag 2004. Når jorden skjelver var eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen Museum og Institutt for geovitenskap og er eit godt eksempel på korleis miljøet ved museet kan arbeide saman med de ulike fagmiljøa ved institutta om eit større formidlingsprosjekt.

Arbeidet med å få bygt opp ein japansk venskapshage, Japanhagen, i Botanisk hage på Milde starta i mai 2005. Ein av initiativtakarane til prosjektet er den japanske ambassadøren i Noreg. Museet har fått midlar til prosjektet frå Trond Mohn og frå det japanske EXPO-fondet. Arbeidet med å reisa ein japansk hage er eit spanande samarbeid mellom japanske hagearkitektar og norske fagfolk og vil gå over fleire år.

Bergen Museum har satsa på å få fram fleire nettutstillingar. I 2005 vart det laga 16 nye utstillingar. Ein del av desse er samla på [www.bergenmuseum.uib.no/nettutstillinger/alle/](http://www.bergenmuseum.uib.no/nettutstillinger/alle/)

Av dei mange nettutstillingane kan Fra brudd til bygning med Mariakirken framhevest som eit flott døme på digital formidling av eit forskingssamarbeid mellom det natur- og kulturhistoriske miljøet på museet og fagfolk frå Norges geologiske undersøkelse (NGU)

[www.bergenmuseum.uib.no/nettutstillinger/alle/geologi/mariakirkens\\_geologi/index.htm](http://www.bergenmuseum.uib.no/nettutstillinger/alle/geologi/mariakirkens_geologi/index.htm)

I løpet av 2005 blei det planlagt å starta opp eit filmforum for kulturhistorisk film - FILMFORUM-Bergen - eit forum som syner og inviterer til diskusjon om kulturhistoriske filmar. Det har som mål å ta for seg filmar først og fremst innanfor antropologi, arkeologi og kunst- og kulturhistorie. Tilbodet er retta mot eit allment publikum [www.bergenmuseum.uib.no/filmforum/](http://www.bergenmuseum.uib.no/filmforum/)